

Mandat  
for  
Campusmøtet ved  
Høgskulen på  
Vestlandet

Godkjent av



Høgskulen  
på Vestlandet

## Bakgrunn

Campusmøte er oppretta som rådgivande organ for fagleg samordning på campus ved kvar av dei fem campusane ved Høgskulen på Vestlandet.

Etableringa av Campusmøte har bakgrunn i *Prosjekt campusutvikling* og tiltaka i sluttrapporten frå dette prosjektet. Dokumentasjon i rapportar frå arbeidsgrupper og prosjektgrupper i Prosjekt campusutvikling er viktige føringar i arbeidet i Campusmøtet.

## Formål

Det overordna formålet med Campusmøtet er å etablere ein arena for campusutvikling i HVL som har merksemd mot faglege saker som krev internkoordinering og samordning på campusnivået.

Campusmøtet er eit rådgivande organ for samordning av faglege aktivitetar og tiltak i fakulteta på campusane, og for ekstern samhandling i campusane sine regionar. Campusmøtet sin rådgivande funksjon kan etablere g grunnlag for vedtak som skal takast i linjeorganisasjonen.

Dei fem Campusmøta skal vere rådgivande organ for campusutvikling til toppleiinga i HVL. Høgskulen på Vestlandet sine fem campusar er ulike i storleik og innretning, og har ulike moglegheits- og utfordringsbilete. Omgivnadene som campusane samhandlar med er òg ulike. Av den grunn er det viktig å få fram at arbeidet med campusutvikling vert ulikt på dei fem campusane. Rapportar frå *Prosjekt campusutvikling* er sentral dokumentasjon å ta med vidare i arbeidet for Campusmøta.

## Oppgaver og ansvar

Campusmøtet skal vere ein arena for å arbeide systematisk med innspel til toppleiinga i saker som gjeld fagleg campusutvikling. Campusmøtet kan ta opp saker som har interesse for fagområda ved campus, interesse for tilsette og studentar ved campus, og samstundes fanga oppinteresser som eksterne aktørar har i samarbeidet med Høgskulen på Vestlandet.

Alle tilsette og studentar ved HVL har høve til å spele inn saker til Campusmøtet. Arbeidet med å konkretisere saker og tiltak for campusutvikling i Campusmøtet bør sjåast i samanheng med, og koplast til, målsettingar skissert i HVL sin verksemdsstrategi for 2023-2030. Det er leiar av Campusmøtet sitt ansvar å velje ut kva saker som skal diskuterast i møta, og eit grunnlag for dette er sakene som er spelt inn.

Det er òg leiar sitt ansvar å vurdere, i samråd med prorektor for regional utvikling, om råd frå Campusmøtet skal sendast skriftleg til rektor eller til ein dekan/fleire dekanar. I tilfelle kor leiar av Campusmøtet sender sak til dekan, er aktuelt fakultet prosesseigar. I tilfelle kor leiar av Campusmøtet sender sak til rektor, bidreg sekretær til utarbeiding av saksframlegg.

Leiar av Campusmøtet, saman med prorektor for regional utvikling, er ansvarleg for at råd frå Campusmøtet blir svart ut i rett forum. Og vidare er leiar av Campusmøtet, støtta av sekretær, ansvarleg for å orientere Campusmøtet om prosess på, status for og resultat av råd gitt av Campusmøtet.

Kvart Campusmøte utarbeider ein kort årsrapport (maksimum 1 side) som blir presentert for toppleiinga innan mars året etter rapporteringsåret.

# Avgrensingar i oppgåver og ansvar

Campusmøtet har ein rådgivande funksjon. Avgjersler om campusutviklinger lagt til linjeorganisasjonen.

Campusmøtet skal ikkje handsame saker og oppgåver knytt til administrativ koordinering og velferd på campus. Ansvar for oppfølging av desse områda ligg til Organisasjonsdirektør sin linjeorganisasjon.

Campusmøtet skal heller ikkje handsame saker og oppgåver knytt til arealutvikling og drift av campus\*. Ansvar for oppfølging av desse områda ligg til Direktør for økonomi og arealforvaltning sin linjeorganisasjon.

*\*Tilfelle kor fagleg campusutvikling har arealimplikasjonar ligg innafor mandatet, og campusmøte kan i desse tilfella komme med råd.*

## Samansetning

Campusmøtet vil ha ein prodekan for regional utvikling som leiar og nestleiar. Verva som leiar og nestleiar er fordelt slik for åra 2024 - 2025:

<b>CAMPUS</b>	<b>LEIAR</b>	<b>NESTLEIAR</b>
Bergen	FTMS	FLKI
Førde	FHS	FTMS
Haugesund	FTMS	FHS
Sogndal	FLKI	FHS
Stord	FLKI	FHS

Dei tre prodekanane og prorektor for regional utvikling har møterett på alle Campusmøte i HVL. Det gjeld òg møte der prodekanar ikkje har leiar/nestleiaransvar. Campusmøtet skal ha medlemmer frå alle fakultet. På dei campusane eit fakultet ikkje har tilsette, kan prodekan representere fakultetet. Campusmøtet skal òg ha studentrepresentasjon (inntil to studentar). Kvart campusmøte skal ha maksimum ti faste medlemmer. Medlemmer av Campusmøtet blir oppnemnde av rektor.

## Sekretariat og møteplan

Prorektor for regional utvikling ved Avdeling for samfunnskontakt, arbeidsliv og livslang læring (ASAL) har sekretariatsfunksjonen for Campusmøtet.

Kvar campus skal halde tre Campusmøte kvart år, to skal gjennomførast fysisk og eitt digitalt. Sekretariatet har ansvar for å utvikle eit felles årshjul for alle Campusmøta. Sekretariatet skal etter samråd med leiarane i Campusmøta førebu saker til møta. Kwart fakultet har ansvar for å orientere om saksliste og referat i fakultetsleiinga.

Mellom dei fastsette campusmøta kan leiar av campusmøtet, ved sekretariatet, kalle inn til møte som gjeld ein campus og spesielle tema for campusutvikling. I slike tilfelle kan ein opne for at andre tilsette enn faste medlemmer blir inviterte til møtet.

Sekretariatet er òg ansvarleg for å sende saksliste for campusmøtet til Avdeling for kommunikasjon (AK) for publisering på intranett i forkant av det enkelte møtet, og likeleis sende referat til AK i etterkant av møta .

## Funksjonstid

Funksjonstid for medlemmer er to år, med moglegheit for forlenging. Studentrepresentantane blir oppnemnde for eitt år. Mandat og samansetning skal vurderast på nytt ved endringar i styringsmodellar eller ved større organisatoriske endringar i organisasjonen.